


ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2006

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del
2. Viltforvaltning
 - 2.1 Villreinforvaltning
 - 2.2 Småviltforvaltning
3. Fiskeforvaltning
 - 3.1 Fiskeutsetting
 - 3.2 Prøvefiskeresultat
 - 3.3 Garnfiskestatistikk
 - 3.4 Kalking
 - 3.5 Anna fiskekultivering
4. Fjellstyrehyttene
 - 4.1 Hyttestyret
5. Beiteleiga
6. Anna



1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2005 og 2006 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2005	2006	UTGIFTER, DRIFT	2005	2004
Salsinntekt	652 269	689 448	Lønskostnader	29 694	43 141
Anna driftsinntekt	12 490	15 220	Avskrivningar	2 350	2 350
Renteinntekt	46 813	64 606	Anna driftskostnad	405 967	297 330
Årsresultat	273 559	362 373			
Bankinnskot	2 790 307	2 619 169			

Inntektene:

- Inntektsnivået er auka som følgje av auka kvote til villreinjakt.
- Største inntektspostane er sal av småviltjakt, villreinjakt, fiske, reguleringserstatningar, turkart og festeinntekter.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene.

Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, tilskot til samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda og produksjon av turkart.
- Andre faste kostnader er lønskostnader som omfattar styrehonorar og forsikringspremiar.

Årsresultat:

- Kr 88 800 i auka inntekter i 2006 er i det vesentlege som følgje av inntekt frå villreinjakt og inntekt frå turkartet.

Investeringar:

- Arbeidet med ny fjellstyrehytte på Gamla Sandhaug er starta opp. Tomta vart grave ut med ein liten beltegravar, Nedrevåg AS sto for armering og forskaling, Hardanger consult utførte planarbeidet og sto som ansvarleg søkjar og utførande. Sjølve støypearbeidet vart gjort på dugnad over to helger i juli/august.

2. Viltforvaltning

2.1 Villreinformvaltning

Planen for oppbygginga av villreinstamma på Hardangervidda føresette er følgd for 2006. Samla kvote vart sett til 3 500 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 240 fellingsløyve. Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der 10 jegerar hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget og visa versa. Det vart felt 55 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 73 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen. Jakttida var satt til 20.08-24.09, samordna med andre område.

2.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser jegerpresset målt i jegerdagar pr. km² på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km² er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma.

Småviltområde	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Område 1													
rype/jegar	9,8	4,6	9,5	7,0	9,2	6,0	3,3	6,7	3,3	3,3	7,5	7,0	4,2
jegardøgn/km ²	0,9		1,2	0,7	0,2	0,4	0,7	0,5	0,6	0,8	0,9	0,7	1,1
Område 2													
rype/jegar	9,0	3,1	5,6	5,2	10,3	6,2	3,3	8,5	7,8	2,0	3,5	3,8	4,0
jegardøgn/km ²	1,6		1,3	0,9	0,3	1,7	0,9	0,9	0,4	1,1	1,6	1,1	1,1
Område 3													
rype/jegar	3,8	1,9	4,1	3,9	5,8	3,7	4,1	4,4	5,5	2,0	3,3	2,7	2,4
jegardøgn/km ²	2,2		1,9	1,5	0,5	1,3	0,6	1,5	1,5	1,4	1,7	0,8	1,2

Fjellstyret har samarbeid med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet viste ein tettleik på 7 ryper/km² (5-10 innanfor 90% sikring) og 3,8 kyllingar/høne. Jegerane rapporterte om dårleg med fugl, dette stemte bra med resultatet frå takseringa. Det vart difor vedteke å stansa kortsalet frå 1. oktober.

3. Fiskeforvaltning

Fiskeforvaltninga har omfatta fylgjande område:

3.1 Fiskeutsetting

Til saman var det sett ut 1175 villfisk i Tinnhølen.

Villfiskene vart fiska med elektrisk fiskeapparat i Svinto og Bjoreio i Bjoreidalen. Fisken vart frakta i transportkar med oksygen til Tinnhølen. Fiskeressursprosjektet sto for det meste av fangsten, aurer vart feitfinneklippa og resten vart individmerka. Mellomtrinnet ved Læg Reid skule hadde fiskedag i Bjoreio der dei fiska opp 20 aurar, desse inngjekk i utsetjingane i Tinnhølen.

Rapportar frå fiskarane tyder på god vekst i den utsette fisken. I snitt vaks den 5,3cm. Ei uheldig effekt av individmerkinga er at den merka fisken heng lett i garna og er vanskeleg å løysa.


3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2006;

Svartavatnet, Bismaren, Høgevardetjørn, Bessevatnet og Svartavasstjørn.

Tiltak og konklusjonar frå dei enkelte prøvefiske:


Svartavatnet



Konklusjon/tiltak

- Fiskestamma ser ut til å gje ei årleg avkasting på om lag 100 kg.
- Det er ikkje naudsynt med utsetjingar i vatnet.
- Fordeling av lengdegrupper frå prøvefiske er ikkje direkte samanliknbart pga at det er nytta ulike prøvegarnserier, i 2004 vart det fanga meir småfisk.

Bismaren



Konklusjon

- Tynningsfisket har ikkje vore av eit slikt omfang at det har hatt vesentleg innverknad på kvaliteten på fisken i Bismaren.
- Det er eigenrekruttering i vatnet.
- Fordeling av fangsten på lengdegrupper tyder på stor del eldre fisk.

Tiltak:


- Ordinært garnfiske med eit omfang (over 300 kg) vil betra kvalitet på den store fisken.
- Det bør førebels ikkje setjast ut fisk i vatnet. Setjefisk kan skaffast frå Dimmedalstjørnet.

Høgevardetjørn

Tiltak/resultat:

- Kondisjonsfaktoren er stabil.
- Lengdeveksten viser avtakande vekst på den eldre fisken.
- Det er konstatert naturleg rekruttering og det bør ikkje setjast ut fisk førebels. Samstundes viser fangstresultatet ein overvekt av vaksen fisk over 30 cm.
- Rekrutteringa kan truleg betrast med utlegging av gytegrus. Utløpet er truleg sikraste staden, her er eit område eigna for gytegrus.
- Fiskereglane bør ikkje endrast dei fyrste 3-5 åra.

Bessevatnet




Konklusjonar:

- Delen småfisk er stabil, vatnet har god rekruttering.
- Fordelinga i fiskestamma er god, men kvaliteten tyder på at det totalt er for mykje fisk.
- Uttaket med garnfiske i åra 2002-2005 har resultert i ei ung fiskestamma.
- Delen av fangsten som har farge i kjøtet har auka, dette tyder på betre forhold mellom fiskemengde og næringstilgang.

Tiltak:

- Vidareføring av tynningsfiske er naudsynt for å betra kvaliteten. Fiske på aure når den vert gyter, ca 26-30 cm, kombinert med tynning av ungfisk gjev best resultat.
- Tynningsfiske bør skje i juli med likt tal garn av 26 mm og 21 mm.
- Småfisk brukt som setjefisk i Nordmannslågen er ein ressurs. Produksjon av setjefisk i anlegg er omstendeleg og kostbart etter dei nye reglane. Stamfisk må fangast på hausten, befrukta rogn/stamfisk må fraktast ned til setjefiskanlegget på Rødberg. Setjefisk vert kjøpt året etter frå anlegget.
- Fjellstyret bør vurdere bruk av villfisk som setjefisk nærare. Dette kan i tillegg redusere behovet for tynningsfiske.

Svartavasstjørn




Bestanden i Svartavasstjørn er svært tett og den treng tynning. Det er vanskeleg å bygge opp stamma av marflo og skjoldkreps med så mykje fisk i vatnet. Interesse for fiske vert og låg med dårleg fiskekvalitet. Tynnings- og

prøvefiske i 2006 tok ut ca 53 kg. Dette utgjør om lag 1,4 kg/ha, truleg må dette uttaket fortsetja i fleire år for at fiskestamma skal betra seg i kvalitet.

3.4 Kalking


Kalkinga av Svartavatnvasdraget fortsette i redusert form i 2006. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon, her illustrert med utviklinga for pH frå utløpet av Svartavasstjørn.



3.5 Anna fiskekultivering

Det er ikkje registrert sprenging av ørekyte. Utanom kontroll med elektrisk fiskeapparat er det kontrollert med ruser i tjørn aust for Stigstuv. I Hætjørn finst ørekyta, her vart det teken ut om lag 4 liter ørekyte.

Garnfiskestatistikken vart utførleg referert i jolenummeret til Eidfjord Nytt og vert difor kort oppsummert her.



Til saman var det 140 som hadde løyst garnfiskekort. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttedoka, men er i ulik grad med i statistikken under. Utleige til småviltjegerar er redusert som følge av reinsjakta. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet ”persondøgn”. Både vaksne og born er rekna som overnatting for ein person i eit døgn i statistikken under.

Hytte	Persondøgn i 2003	Persondøgn i 2004	Persondøgn i 2005	døgn i 2006
Gamla Sandhaug	4	3	18	Ikkje utleigd
Tinnhølen	80	56	34	47
Krobu	50	29	17	18
Stigstuv	0	4	10	0
Viersla	4	0	2	16
Langavasshadle	49	16	1	20

4.1 Hyttestyret

- Hyttestyret la ned sine verv i 2006 og fjellstyret vedtok å ikkje oppretta nytt før valet. Resultatet er at fjellstyret måtte kjøpa meir tenester frå HF as og Ung i Arbeid.

Krobu : Ny påhengsmotor er kjøpt, i tillegg er det bygd 2 opptrekk for båten på Drageidfjorden.

Viersla: Beisa av Ung i Arbeid.

Gamla Sandhaug: Fjellstyret er i gang med å byggja ny hytte som erstatning for helikopterbrakka. Grunnmur vart sett opp i 2006, hytta skal stå ferdig i 2007 dersom alt går etter planen.

5. Beiteleiga

Fjellstyret har avslått Halne beitelag si søknad om forlenging av beiteleiga. Fjellstyret meinte at beitelaget innan 2007 skulle finna alternative beite. Dette har beitelaget ikkje teken til følge. Saka er ikkje avslutta

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver i tråd med vedteke budsjett og i samarbeid med hyttestyret for det arbeidet som gjeld fjellstyrehyttene. HF as har utført noko mindre tenester enn budsjettet pga mannskapmangel.
- Liv Myklatun er styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS.
- Aslak Myrvang har vore styremedlem til Noregs Fjellstyresamband og representert regionen; Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Aust-Agder.
- Fjellstyret har oppretta eigen heimeside. Dette opnar for betre moglegheit for informasjon, www.eidfjord-fjellstyre.no

- Fjellstyret fikk utarbeida turkart for allmenningen i samarbeid med Ugland IT Group, privatområde og turistnæringa. Kartet har vore godt motteke.

Eidfjord fjellstyre

Aslak Myrvang
- s -

Liv Myklatun
- s -

Halldis M. Riber
- s -

Tom Karsten Garen
- s -

Leidulf Garen
- s -

Olav H. Eidnes
- s -

Helga Ø. Opedal
- s -